



Vassforsyninga til Heio vart sikra sist haust (Foto: Ola Matti Mathisen)

Planane for grusbana sto i fokus under årsmøtet i idrettslaget og dette vert det neste store prosjektet etter opprustinga av Heio. Der er det gjort ein stor dugnadsinnsats i fjor, mellom anna på løpebana og området rundt. Dette arbeidet held fram i år. I tillegg har laget fått pengar frå Marine Harvest og dei gjer at laget i løpet av dette året får nytt tak på garderobebygget og nye dørar og vindauge. Vatnboringa på Heio er avslutta slik at det no er vatn inn i bygget.

Sandvolleyballbane/ Bocciabane

- Enkelt nærmiljøanlegg
- Fokus på uformell aktivitet i sentrum
- Sandvolley er ein utmerka trimaktivitet
- Kan aktivisera mange mennesker på same tid
- Lite plasskrevande.
- Fleirbruksanlegg med tilleggsaktivitetar;
 - fotballtennis
 - badminton
 - ulike leikeaktiviteter



I oppsummeringa av fjoråret vert det ellers peika på at det er gjort ein kjempejobb med å skaffe sponsorar, Det har og vore søkt rein pengestøtte til større prosjekter og det er fullt mogeleg å henta inn ein god del på denne måten.

Av årsmelding frå fotballgruppa går det fram at det har vore 79 aktive spelarar det siste året, fordelt på 48 gutar og 31 jenter i alderen frå 5 til 12 år, I tillegg har 18 aktive spelarar representert UIL på samarbeidslaga som UIL har med Rosendal.

Årsmeldinga frå turgruppa fortalde at det også ifjor vart jobba med turstiane. Rutenettet er stort sett i god stand, men treng litt ny maling. Dette krev mykje tid og det vert jobba med å knyta til folk som kan ta eit tak. Ifjor var det eit godt samarbeid med KV som støtta premieringa og laga årsmerke til alle deltakarar. Gruppa er godt nøgd med at så mange var med i fjelltimmen, særleg at så mange unge deltok.

Klatregruppa meldar at det har vore eit snitt på 4 i veggen kvar søndag,

Rekneskapan fortel om meir enn ei dobling av driftsresultatet i høve til året før - frå 55 000 til 129 000 kroner.

Dei 5 gruppene vert no leia av Odd Steinar Arnesen (fotball), Edel Karin Legland (turn), Ole Vidar Monsen (ski og friidrett), Steinar Haugland (tur) og Thomas F. Eide (klatring).



Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

Klatrepark

- Same modell som høgdepark, men utan sikring
- Utforming som hinderløype: balanse, styrke og mot
- Heile løypa er over bakken: hengebruer, balansebommar, slengtau, klatrenett
- Fundament av straumstolpar. Hinder av wire og impregnert material
- Duk med flis under løypa
- Total kostnad om lag 250 000,-